

Sprekingar frå 12 til 68 inn i ny sesong

14.11.2014



Pål med dei unge langrennsrekruttane sine. Dei hadde diska opp med taco ikveld

Korleis er det å ha ein trenar på 68 år?

Vi kom ikkje utanom spørsmålet i KV-huset i går kveld. Der var det samla 16 langrennsløparar på frå 12 til 18 år til samling før sesongstart og servering av taco og gode råd frå Pål Haugland. Svaret kom straks: - Han er veldig flink og like sprek som oss!



Kari frå Uskedalen og Kristine frå Matre

Men Pålen sjølv var på sett og vis i ein ny situasjon ettersom den sesong som no tek til er hans første utan han har vore

både lærar og trenar. Han ser ikkje nokon dramatisk endring i det, for det er nettopp denne aldersgruppa han har vore lærar for på ungdomsskulen. Den uslitelege langrennspappaen hadde desse ålvorsorda på hjarta før han sa dette:

- Det bør vera rom for alle i gruppa vår uansett kor flinke dei er til å gå på ski. At nokon tek sporten ålvorligare enn andre er heilt i sin orden, det viktigaste er at alle tykkjer det er kjekt å gå på ski utan at dei tek sikte på bestemte prestasjonar.

Når det gjeld meg sjølv tykkjer eg at eg vil halda på helt til det ikkje er kjekt lenger og no har eg meir tid til å drive med skisporten. Det gler meg stort at vi kan få til noko. Men lat meg presisera at det er fleire andre som no har eit ansvar i gruppa - til dømes Bjørn Olav, Cathrine og Steinar.

Ute er det 11 grader pluss og vi sporar Pålen inn på siste sesong som han kallar 'heilt forferdeleg' med sin mangel på snø. Det var ikkje mogeleg å tevla på våre kantar før i februar og Pålen håpar inderleg på at det ikkje vert nokon reprise denne vinteren. Så spørst det da om det blir mogeleg å fylgja terminlista som fortel at det vert jularenn i Odda 26. desember og Røldalrenn 2 dagar seinare. Langrennskarusellen startar 18. februar med klassisk i Rosendal-regi.

Ellers kjem gruppa til å sakna Ingebjørg Haugland som no har teke fatt på Idrettshøgskulen i Oslo. Men heldigvis held Kari Bråtun fram. Ho er med sine 18 år eitt år yngre enn Ingebjørg. Begge har 3 kretsmeisterskap bak seg allereie.

På den andre sida kan Uskedalgruppa gle seg over eit fint innslag frå Matre: 15 år gamle Kristine Tveit er no på plass i UIL fordi det ikkje er skigruppe i grenda.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen